## Snart innflytting i Kalvatre

26.12.2011



**Kjetil Fossheim (24) gir eit gamalt bruk oppe i dalen nytt liv.
No har han kome så langt med byggjing av nytt våningshus
på dei gamle mrane at han har søkt om mellombels bruksløyve.
I søknaden blir det opplyst at han reknar med fullføring 1. juli 2012
på Kalvatre som ligg fint til på Musland. Tekking av tak står att.**

Kjetil bur og har vakse opp på Seimsfoss, men mora hans
flytta frå Kalvatre i 1965. No er altså familien snart på plass att der.
Biletet ovanfor vart teke for nokre veker sidan.

Foto: Ola Matti Mathisen